



Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep.
0030 OSLO

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
200708855-24/015/DAHI

Dykkar ref.:

Bergen, 11. mars 2008

Utkast til rikspolitiske retningslinjer for universell utforming - høringsfråsegn

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland handsama i møte 11.03.08, sak 5/08, "Høringsbrev – Utkast til rikspolitiske retningslinjer for universell utforming".

Rådet gjorde fylgjande vedtak i saka:

- Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland seier seg nøgd med at det no kjem rikspolitiske retningslinjer vedkomande universell utforming.
- Retningslinjene må følgjast opp av føresegnar om krav til universell utforming av bygg og anlegg retta mot allmenta i ny plan- og bygningslov og ny diskriminerings- og tilgjengelighetslov.
- Utkastet rettar seg i stor grad mot arealplanlegging. Det er trong for å presisere ansvar i utbyggingsfasane etter planfasen, og det må utarbeidast nasjonale rettleiarar og standardar. Rådet ser det som særskild viktig at kommunane og fylkeskommunane organiserer kurs og liknande for planleggjarar og utbyggjarar.
- Universell utforming må inn i Miljøverndepartementet sitt rettleiingsmateriale til kommunal planlegging

Rådet har merka seg at det er dårleg samsvar mellom punkta i retningslinjene og i veiledningen.

Retningslinjene pkt. 2 e) styrke fylkeskommunens og fylkesmannens muligheter for innspill og medvirking - jf. utdypende forklaring/pkt. 2: virkeområde og formål: f) Kommunen skal aktivt samarbeide med fylkesmannen og fylkeskommunen i arbeidet med universell utforming i planleggingen. Kommunen skal sørge for at fylkeskommunen og fylkesmannen deltar i en tidlig fase i planleggingen.

Rådet meiner at siste setning må endrast til:

Kommunen skal sørge for at fylkeskommunen, fylkesmannen og fylkeskommunalt/kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne deltar i en tidlig fase i planleggingen.

Virkeområde og formål – avsnitt 6: Forhold som trygg evakuering ved brann.....

Rådet meiner at ein ved brannøving ved ulike etatar bør departementet krevja at dei som føretek brannøving også inkluderer menneske med nedsett funksjonsevne. Øvingane må vera realistiske også for menneske med nedsett funksjonsevne, og ikkje at ein berre informerer om at dette er ei øving. Dette må innebære klare personalmessige ansvarsforhold.

Retningslinjene pkt. 5: krav til fysisk utforming – siste avsnitt:

Kommunen skal i sin planlegging legge vekt på å skape omgivelser.....

Rådet ynskjer å tilføye flg. setning: I forbindelse med beplantning i nærområdet bør ein unngå å bruke pollenspredere som bjørk, or og hassel.

Røysting:

Vedtaket i saka var samrøystes

For Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland


Dagmar Reutz Hillestad
-rådgjevar-